

---

**Fra:** Ture Andersen <ture.andersen2@bkkfiber.no>  
**Sendt:** 30. august 2017 13:49  
**Til:** Postmottak Meland  
**Emne:** Opplysningstavla framføre Holmestova

Til : Kulturetaten i Meland kommune

Opplysningstavla framføre Holmestova

Underskrivne ser at det er sett opp ei opplysningstavle ved kommunevegen framføre Holmestova. Kan henda hadde det vore lurt å snakka med oss som bur i dette området før tavla vart laga - for å få med vesentlege opplysningar om dette gamle bygget. Eg vaks opp medan Knut, Marta og Anna budde i denne stova og dreiv dette småbruket - og eg vart hyra inn som dreng for dei då eg var 15 år gamal (1957) ; og var mellom anna med å kjøra tørrhøy inn i løa frå slåtte-teigen der Vestbygd skule står i dag.

Utskiiftinga av garden Holme fann stad rett før århundreskiftet 1800 / 1900 . Då var Holmestova omlag dobbelt så lang som i dag ( mangla nokre få centimeter på det ). Det var eigaren av mitt småbruk som budde i denne delen før utskiiftinga - og før dei fekk bygd hus og løe her nede der eg no bur.( 1900 - 1903 ). Løa til mitt bruk låg omlag 15 meter vest for Holmestova. Mellom desse bygga var det ein jordkjellar som kommunen sjølv reiv då dei la ned vassleidning til Holmeknappen. Kring Holmestova var det omlag 10 bygningar før utskiiftinga - og eg veit plasseringa av desse.

Då dei reiv halve Holmestova kring århundreskiftet ; måtte dei sjølvsgatt gjera noko med den opne gavlen mot sør. Då brukte dei stein og mura opp den sør-veggen som står i dag. Taksten for dette arbeidet vart sett til trettitokroner og seksti øre.

Noko av tømmeret som dei reiv frå Holmestova , vart brukt oppatt då dei bygde nytt våningshus her nede der eg bur. Han Karl Holme , som var fødd i Holmestova, sa ofte at dei angra på dette - for tømmeret var fullt i mit som dermed kom inn i nye-huset.

Spesielt var det svært mykje mit på søre lemnen ; og mor mi dynka golvet der med parafin kvar vår for å få vekk ruene miten hadde laga gjennom vinteren.

Konklusjon : Etter mi vurdering er det særst viktig å få med at Holmestova var dobbelt så lang som idag fram til århundreskiftet 1800 / 1900. Eller er det berre eg som veit dette av oss attlevande ?

Med helsing

Ture Andersen